

Kor høg er ho?

13.12.2012



Er ho over 20 meter?

Musikklaget tok i si tid ansvar for Grano som julegran og har det framleis. No inviterar dei uskedelingane til ein tippekonkurranse som mange sikkert vil ta del i og musikklaget vil ha svar på dette spørsmålet:

KOR HØG ER HO?

Deltakarane skal tippe både meter og centimeter og skrive tipset på ein lapp på SPAR. Der skal dei leggja lappen i ein boks. Hvis fleire har rett løysing vert det loddtrekning.

Premieutdelinga finn stad under juletreffesten på Vonheim i romjula, nærare bestemt 28. desember. Der har musikklaget ein julekonsert kvart år som innleiing på festen.

Bjergulv Eik har ein fersk høgdemåling å byggja på og den er sjølvsgatt gjennomført av ekspertar som står inne for resultatet. Utan at vi skal røpa noko er det ein god peikepinn å sjå litt på kor høg Grano er samanlikna med husa rundt. Og så mykje kan vi avsløra at ho var 13 meter ved første tenning i 1963, altså for 50 år sidan.

Kor mykje kan ho ha vakse sidan? Er ho over 20 meter?

Julekortet som står på plakat og kasse på SPAR skal ein ikkje la seg lura av - det er fotografert på den andre sida av århundreskiftet.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Her skal du leggja tippelappen